



MØTEBOK

Høyring - regional planstrategi 2016-2020

Utval sak	Utval	Møtedato
68/16	Formannskapet	21.09.2016

Bakgrunn:

Hordaland fylkeskommune har sendt forslag til regional planstrategi 2016 – 2020 på høyring med høyringsfrist 15. september. Fitjar kommune har fått utvida høyringsfrist til 21.09.2016. Planstrategien skal leggjast fram for vedtak i fylkestinget i desember. Den vedtekte planstrategien skal leggjast til grunn for fylkeskommunen, statlege organ og kommunane sitt planarbeid.

Planstrategien er å lesa her: www.hordaland.no/regionalplanstrategi

Hovudtrekka i høyringsframlegget

Plan- og bygningslova § 7.1 seier at regional planstrategi skal gjera greie for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar, vurdera langsiktige utviklingsmoglegheiter og ta stilling til langsiktige utviklingsmål og kva spørsmål som skal takast opp gjennom vidare regional planlegging.

Innleiingsvis i høyringsforslaget står det at Hordaland fylkeskommune skal vera ein tydelegare pådrivar for samfunnsutvikling i fylket og at den regionale planlegginga er eit reiskap for å sjå utviklinga i heilskap, samordna sektorane og forvaltningsnivåa og staka ut ein felles kurs.

Høyringsforslaget inneheld forslag til langsiktige mål for utviklinga i Hordaland og prioriterte hovudmål og strategiar for dei næraste fire åra. Den inneheld og forslag til kva regionale planar som skal utarbeidast, reviderast eller framleis gjelda i den neste fireårs perioden.

Grunnlagsdokument:

Det er utarbeidd fylgjande grunnlagsdokument for arbeidet med strategien:

- Utfordringar for Hordaland – samling av innspel til strategiprosessen
- Utviklingstrekk i Hordaland – AUD – rapport nr.2 – 16
- Folkehelsa i Hordaland 2015 – ei kunnskapsoversikt

Vidare ligg Nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging, vedteken ved kongeleg resolusjon 12.juni 2015 som viktig planføresetnad.

Planstrategien har følgjande langsiktig mål:

- Hordaland skal vera berekraftig, attraktiv og nyskapande

Hovudmål:

Planstrategien har følgjande fire hovudmål for perioden:

- Hordaland skal ha høg sysselsetting
- Hordaland skal ha eit inkluderande samfunn
- Hordaland skal ha ei klima- og miljøvenleg utvikling
- Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion

Det står at det langsiktige målet har ein tidshorisont ut over 2020 og at det er ein referansebakgrunn for å vurdera kva utfordringar fylket står framfor både på kort og lang sikt.

Hovudmåla er forma ut i frå den aktuelle situasjonen nett no og kva fylket i perioden 2016 – 2020 skal ha fokus på for å nå dei meir langsiktige måla.

Under utdjujing av langsiktige mål står det:

- at berekraftig regional utvikling i denne planstrategien handlar om at planlegging og forvaltning regionalt må finna løysingar som sikrar ein langsiktig balanse mellom økonomisk utvikling, sosial og kulturell utvikling og miljøtilstand,
- at attraktivt fylke er eit fylke som tilbyr bustadområde med høg kvalitet, gode vilkår for etablering av nye verksemder med interessante arbeidsplassar, trivelege studentmiljø og eit fylke der turistar og andre på mellombels opphald kjenner seg velkomne, at nyskapande fylke er eit fylke der aktiviteten skal vera prega av kontinuerleg nyskaping i form av nye arbeidsmåtar eller nye produkt og der forskning, innovasjon og utvikling er tett knytt til offentleg sektor og næringsliv.

Strategien for å nå måla er å sameinast om utfordringar, mål og strategiar, å få gjensidig forpliktande regionale planar med offensive og realistiske handlingsrom, bindande retningslinjer for arealbruk og utviklingsavtalar og partnerskap som sikrar gjennomføring av strategien på lang sikt.

Det vert peika på at ambisjonane må samsvara med tilgjengelege ressursar for gjennomføring, og det vert lagt vekt på å sikra gjennomføring av vedtekne planar og avgrensa talet på nye planar.

Høg sysselsetting

Hovudmålet *Høg sysselsetting* har som strategiar:

- å auka nyetableringar og framtidretta verdiskaping i næringslivet
- å få betre samhandling innan utdanningssektoren og mellom utdanningssektoren og regionalt næringsliv
- å auka forskning som verktøy for marknadsretta innovasjonar i arbeids- og næringsliv

Det vert peika på at viktige utfordringar og utviklingsretningar er:

- å utnytta kompetansen i næringssektoren
- å ta i bruk ny teknologi
- grøn konkurransekraft
- miljøvenleg transport
- betra samspelet innan utdanningssektoren og mellom utdanning og næringsliv
- å gå frå ressursøkonomi til kunnskapsøkonomi
- marknadsretta forskning

I neste fire års periode skal det gjennomførast følgjande planar/ planprosessar:

- revisjon av regional næringsplan
- regional plan for utdanning og arbeidskraft
- revisjon av forskningsstrategi for Hordaland

Eit inkluderande samfunn

Hovudmålet *Eit inkluderande samfunn* har som strategiar:

- Betre trivsel og kvalitet i grunnskule og vidaregåande skule for å auka gjennomføringa
- Styrkja inkludering gjennom frivillige organisasjonar i nærmiljøet
- Utvikla meir attraktive og funksjonelle regionale senter

Det vert peika på at viktige utfordringar og utviklingsretningar er

- Aktive hordalendingar
- Gjennomført vidaregåande opplæring
- Meir kontakt og betre nettverk
- Utvikla møteplassar i lokalmiljøet

I neste fire års periode skal det gjennomførast følgjande planar/ planprosessar

- Prosjekt og tiltak for kvalitet i oppvekst
- Handlingsplan for inkludering, likestilling og likeverd
- Gjennomføring av regional plan for kultur
- Gjennomføring av regional plan for attraktive senter

Klima- og miljøvenleg utvikling

Hovudmålet *Klima- og miljøvenleg utvikling* har følgjande strategiar:

- Redusera klimagassutslepp og anna luftforureining frå transportsektoren og energiforsyning i bygningar
- Styrkja samordning av areal- og transportplanlegging i Bergensområdet
- Tydelegare planstyrt og meir langsiktig og balansert forvaltning av areal, natur- og kulturminneressursar

Det vert peika på følgjande utfordringar og utviklingsretning:

- Mindre klimagassutslepp og luftforureining
- Redusera transportbehovet
- Styrkja konkurransekrafta til miljøvenlege transportformer
- Oppretthalda høgt biologisk mangfald
- Verna regionale og nasjonale landskap og kulturmiljø
- Styrkja jordvernet
- Planstyrt areal- og naturressursforvaltning

I neste fire års perioden skal det gjennomførast følgjande planar/ planprosessar:

- Revisjon av klima- og energiplanen
- Vedtak av regional plan for areal og transport
- Ny regional plan for knutepunkt for godshamn
- Revisjon av regional transportplan
- Ny regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar
- Revisjon av regional plan for Hardangervidda
- Revisjon av regional plan for vassregion Hordaland

Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion

Hovudmålet *Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion* har følgjande strategiar:

- Utvikla ein framtidretta folkevald region
- Styrkja gjennomslagskrafta i Europa
- Styrkja regionale transportsamband og digital infrastruktur

Det vert peika på følgjande utfordringar og utviklingsretning:

- Reform som styrkjer Vestlandet
- Fremja felles interesser
- Internasjonal samhandling gjennom regionane
- Gode regionale transportsamband
- Moderne digital infrastruktur

I neste fire års periode skal det:

Her står det at det ikkje er aktuelt med nye regionale planar under dette hovudmålet, men at andre nye regionale planar og sektorplanar/ handlingsprogram bør drøfta om eit vestlandsperspektiv er relevant for innhaldet i planen og for revisjon noko som inneber å vurdere om analysar, mål, strategiar, retningslinjer og handlingsprogram skal fanga opp eit større geografisk perspektiv enn fylket Hordaland. Det vert likevel peika på at Vestlandsrådet sin vedtekte plattform for samarbeid bør fornyast når premissane for regionreforma er klarlagt og at det bør startast eit forprosjekt for pilotprosjekt for ein større region. Det vert og peika på at sektorplanar/ strategiar bør reviderast og utviklast som del av Vestlandsrådet sitt arbeid innan relevante tema og at det bør gjennomførast ein analyse av behovet for digital infrastruktur på Vestlandet.

Vurdering:

Samfunnsplanlegging femner om alle sektorar og tema i samfunnet og handlar om å forma framtidens samfunn på ein heilskapleg og framtidretta måte. Dersom samfunnet er berekraftig, attraktivt og nyskapande slik det langsiktige målet i planstrategien seier at fylket vårt skal vera, vil me ha eit samfunn som er ein god stad å bu og vera i for alle

enten ein er fastbuande, student, besøkjande, flyktning, næringsdrivande, arbeidstakar, arbeidssøkjjar, ung elle gamal. For å oppnå dette må fylket i samarbeid og samhandling med kommunane og andre aktørar følgja opp med konkrete mål, strategiar, planar og handlingsplanar og leggja til rette for og medverka til at handlingsplanar og tiltak vert gjennomført. I dette arbeidet er det viktig at ein har rett fokus til ei kvar tid og at ein ikkje gapar over for mykje.

Planstrategien med sitt langsiktige mål, sine hovudmål, strategiar og planar for neste fireårs periode synest å fanga opp dei største utfordringane framover; å arbeida for høg sysselsetting/ redusera arbeidsløysa, inkludering, gode oppvekst- og levekår for alle, bustadområde med høg kvalitet, gode og attraktive senter m.v.

Ein kvardag med høg sysselsetting har brått endra seg til ein kvardag med høg arbeidsløyse. Me må omstilla oss til ein kvardag med færre sysselsette innan olje- og gassektoren. Hordaland har her store utfordringar men og gode føresetnader for å lukkast i å skapa nye arbeidsplassar med grunnlag i eksisterande og tilgjengelege ressursar, arbeidskraft, kompetanse, næringar og næringsmiljø.

Å møta ei framtid med færre sysselsette innan olje- og gassnæringa vert ekstra krevjande for mange av kommunane i Hordaland framover. Omdømebygging, marknadsføring, strategiar og tiltak for å skapa nye arbeidsplassar må byggja på ressursane og moglegheitene som ligg rundt omkring i fylket. Fylket må ta eit stort ansvar for å synleggjera dette.

Revisjon av næringsplanen må m.a. omhandla dette og ha høg prioritet. Ein viktig nøkkel for å få fram gode og nyttige planar og å få gjennomført planane sine handlingsplanar og tiltak er god samhandling med og medverknad frå kommunane, næringslivet, utdanningsinstitusjonar og andre aktørar. Det er ute i kommunane ein må sjå resultat og ser i kva grad ein når måla, og det er tilhøva i den enkelte kommune og ute i lokalsamfunna som er avgjerande for i kva grad fylket er eller vert oppfatta som attraktiv, berekraftig og nyskapande til ei kvar tid.

Planstrategien kunne vore tydelegare på at dei regionale planane/ tiltaka/ handlingsprogramma må utformast i samarbeid og samhandling med kommunane og andre aktuelle aktørar. Kommunane må få best mogleg forståing for og eigarskap til innhaldet i planstrategien og planane etter kvar som dei ligg føre slik at dei vert godt forankra og integrert i kommunane sine eigne planstrategiar, planar og tiltak. Planstrategien bør difor ha ein strategi på kva grep som må til for å få dette til på best mogleg måte.

Det er svært viktig slik det er peika på over at planprosessane og planane vert til i nært samarbeid med kommunane. Det krev at kommunane har nødvendige ressursar, kapasitet og kompetanse til å følgja opp. Gjennom temaet samarbeid i ein sterk Vestlandsregion må ein arbeida for å få ein region- og kommunestruktur som gjer kommunane og fylket best mogleg i stand til å møta dei utfordringane som er skissert i planstrategien og best mogleg i stand til å få planar og tiltak gjennomført. Under strategiar under hovudmålet eit inkluderande samfunn står det: «utvikla meir attraktive og funksjonelle regionale senter». Her bør det i tillegg også stå lokale senter. Lokalsentra i ein kommune er og viktige møteplassar for innbyggjarane. Under hovudmålet klima- og miljøvenleg utvikling er følgjene av global oppvarming med meir ekstremver, høgare havnivå, flaum, skred m.m. omhandla. Ein saknar likevel ei betre synleggjering av korleis arbeidet med å førebyggja alvorlege hendingar som følgje av dette og av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap er forankra i planstrategien. Det kunne gjerne vore ein eigen strategi under dette hovudmålet som omhandla dette.

Til slutt vil ein peika på at det er ei utfordring å finna indikatorar/ måtar å måla resultat på som seier om eller i kva grad ein har oppnådd måla ein har sett seg. Det er mellom anna naturleg å stilla spørsmålet om i kva grad ein i dag er attraktiv, berekraftig og nyskapande og korleis ein ev. skal måla resultat i høve til dette målet.

Heilt til slutt vil ein peika på at det er uheldig at planstrategien ikkje ligg føre før kommunane skal vedta sine planstrategiar. Den regionale planstrategien for neste fire års periode burde vore på plass før kommunane starta arbeidet med sine planstrategiar. Slik det er no vil dei fleste kommunane ha utarbeidd og vedteke sine planstrategiar før innhaldet i den regionale planstrategien er særleg kjent for kommunane.

I denne planen er det verd å merka seg at både skulebruksplanen og tannhelseplanen bidreg til å styrkja regionale senter. Det er positivt at det er ein raud tråd gjennom planarbeid, og at ting heng saman. Men det stiller og krav og gjev utfordringar dersom den eine planen låser den andre. Det kan til dømes ikkje vera slik at plan for senterstruktur skal vera førande for skulebruksplanen.

Framlegg til vedtak/tilråding:

Fitjar kommune gjev slik uttale til Hordaland fylkeskommune sitt forslag til planstrategi 2016 – 2020:

Fitjar kommune er positiv til at fylket tek mål av seg til å verta ein tydelegare pådrivar for samfunnsutviklinga i fylket og meiner planstrategien med sine mål, strategiar og planar for neste fireårs periode omhandlar det som synest å vera dei viktigaste oppgåvene framover.

Kommunen vil likevel peika på og kommentera nokre område ein meiner er særleg viktige framover og som gjerne bør koma klarare fram i planstrategien:

- Å oppnå målet om høg sysselsetting og å arbeida for få ned arbeidsløysa må ha høg prioritet. Fylket må gje arbeidet med revisjon av den regionale næringsplanen høg prioritet og ta ein aktiv rolle i arbeidet med omstilling, marknadsføring og omdømmearbeid for å synleggjera kommunane og lokalsamfunna sine kvalitetar, ressursar og moglegheiter.
- Planarbeidet som skal gjennomførast i neste fireårs periode må skje i nært samarbeid med og i samhandling med kommunane og andre aktuelle aktørar slik at ein sikrar god forankring og eigarskap lokalt. Det må koma tydeleg fram at det er tilhøva i lokalsamfunna i kommunane og regionane som avgjer i kva grad fylket er eller vert oppfatta som berekraftig, attraktiv og nyskapande.
- Det må sørgjast for at kommunane og andre aktørar får god kjennskap til og eit eigarforhold til planstrategien og dei enkelte planane etter kvart som dei ligg føre, og det må koma tydeleg fram kva som skal til og kven som har ansvaret for at planar og tiltak vert gjennomført og forankra og integrert i kommunane sine eigne planstrategiar og planar. Det er i stor grad i kommunane og regionane resultatata av planane med sine handlingsplanar og tiltak må visa seg.
- Gjennom hovudmålet samarbeid i ein sterk Vestlandsregion må ein arbeida for å få ein region- og kommunestruktur som gjer kommunane og fylket best mogleg i stand til å nå dei måla og møta dei utfordringane som er skissert i planstrategien, og best mogleg i stand til å få planar og tiltak gjennomført.
- Under strategiar under hovudmålet eit inkluderande samfunn bør ein ta med at ein skal utvikla meir attraktive lokale og regionale senter og ikkje berre regionale senter slik det står.
- Kommunen saknar ei betre synleggjering av korleis arbeidet med å førebyggja alvorlege hendingar som følgje av ras, skred, flaum, havnivåstiging og sterke vindar og for korleis arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap er forankra i planstrategien.
- Kommunen meiner det hadde vore ein fordel om den regionale planstrategien hadde vore klar før kommunane starta sitt arbeid med sine planstrategiar for neste fireårs periode.

- Kommunen meiner det må leggast opp til opne prosessar i utarbeidinga av den einskilde plan, slik at ikkje vedtak i ein plan låser moglege løysingar i andre planar.

Behandling i Formannskapet - 21.09.2016:

Representanten Wenche Tislevoll (H) la føre framlegg til tillegg i uttalen frå Fitjar kommune:

Under innleiing:

Fitjar kommune meiner det er fornuftig at det ikkje vert starta opp ei mengd nye planar, men at ein ferdigstiller dei planane som alt er i gong, og prioriterer strengt oppstart av nye. Dette legg planstrategien opp til. Dei konkrete planane må og vurderast opp i mot dei ulike målområda.

Kulepunkt til slutt:

Dersom plan for senterstruktur skal vera førande for skulebruksplanen vil dette gje uheldige verknader både for Rubbestadnes, Etne, Austevoll og Fitjar vg. skular, noko Fitjar kommune ikkje kan stilla seg bak.

Vedtak: (Samrøystes)

Fitjar kommune gjev slik uttale til Hordaland fylkeskommune sitt forslag til planstrategi 2016 – 2020:

Fitjar kommune meiner det er fornuftig at det ikkje vert starta opp ei mengd nye planar, men at ein ferdigstiller dei planane som alt er i gong, og prioriterer strengt oppstart av nye. Dette legg planstrategien opp til. Dei konkrete planane må og vurderast opp i mot dei ulike målområda.

Fitjar kommune er positiv til at fylket tek mål av seg til å verta ein tydelegare pådrivar for samfunnsutviklinga i fylket og meiner planstrategien med sine mål, strategiar og planar for neste fireårs periode omhandlar det som synest å vera dei viktigaste oppgåvene framover.

Kommunen vil likevel peika på og kommentera nokre område ein meiner er særleg viktige framover og som gjerne bør koma klarare fram i planstrategien:

- Å oppnå målet om høg sysselsetting og å arbeida for få ned arbeidsløysa må ha høg prioritet. Fylket må gje arbeidet med revisjon av den regionale næringsplanen høg prioritet og ta ein aktiv rolle i arbeidet med omstilling, marknadsføring og omdømmearbeid for å synleggjera kommunane og lokalsamfunna sine kvalitetar, ressursar og moglegheiter.
- Planarbeidet som skal gjennomførast i neste fireårs periode må skje i nært samarbeid med og i samhandling med kommunane og andre aktuelle aktørar slik at ein sikrar god forankring og eigarskap lokalt. Det må koma tydeleg fram at det er tilhøva i lokalsamfunna i kommunane og regionane som avgjer i kva grad fylket er eller vert oppfatta som berekraftig, attraktiv og nyskapande.
- Det må sørgjast for at kommunane og andre aktørar får god kjennskap til og eit eigarforhold til planstrategien og dei enkelte planane etter kvart som dei ligg føre, og det må koma tydeleg fram kva som skal til og kven som har ansvaret for at planar og tiltak vert gjennomført og forankra og integrert i kommunane sine eigne planstrategiar og planar. Det er i stor grad i kommunane og regionane resultatene av planane med sine handlingsplanar og tiltak må visa seg.
- Gjennom hovudmålet samarbeid i ein sterk Vestlandsregion må ein arbeida for å få ein region- og kommunestruktur som gjer kommunane og fylket best mogleg i stand til å nå dei måla og møta dei utfordringane som er skissert i planstrategien, og best mogleg i stand til å få planar og tiltak gjennomført.

- Under strategiar under hovudmålet eit inkluderande samfunn bør ein ta med at ein skal utvikla meir attraktive lokale og regionale senter og ikkje berre regionale senter slik det står.
- Kommunen saknar ei betre synleggjering av korleis arbeidet med å førebyggja alvorlege hendingar som følgje av ras, skred, flaum, havnivåstiging og sterke vindar og for korleis arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap er forankra i planstrategien.
- Kommunen meiner det hadde vore ein fordel om den regionale planstrategien hadde vore klar før kommunane starta sitt arbeid med sine planstrategiar for neste fireårs periode.
- Kommunen meiner det må leggjast opp til opne prosessar i utarbeidinga av den einskilde plan, slik at ikkje vedtak i ein plan låser moglege løysingar i andre planar.
- Dersom plan for senterstruktur skal vera førande for skulebruksplanen vil dette gje uheldige verknader både for Rubbestadnes, Etne, Austevoll og Fitjar vg. skular, noko Fitjar kommune ikkje kan stilla seg bak.

Atle Tornes
Rådmann